


# BJERKREIMS NYTT



INFO TIL BJERKREIMBUEN  
APRIL 2023



## KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00  
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

## BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20  
[biblioteket@bjerkreim.kommune.no](mailto:biblioteket@bjerkreim.kommune.no)  
Måndag 15.00 - 19.00  
Tysdag 14.00 - 18.00  
Onsdag 14.00 - 18.00  
Torsdag 12.00 - 15.30  
Fredag 12.00 - 15.30

## DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

## NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 18. april kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 27.april. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no) Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

## UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

## KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

## ANSVARLEG:

Kulturkontoret

## TRYKK OG

## GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

## FORSIDEFOTO:

Barnas Berse,  
Fotograf: Monika Vassbø

**VIKESÅ TAXI**  
51 45 19 00



## Hei, gode sambygdingar!

No har vi gått over til ein vårmånad, og med det kjem ei rekkje spennande arrangement og initiativ. Dalane kulturfestival gjekk av stabelen. Alltid like vellykka med flinke folk som arrangerer med god breidde.

Eg vil nemne den nylege markeringa av Barnehagedagen i Røysekatten barnehage. Det var fantastisk å sjå så mange glade born samla for å feire dette viktige arrangementet. Eg vil også spesielt nemne den flotte barnehagesongen Hildegunn har laga. Det var ei flott påminning om verdien av barnehagen i samfunnet vårt. Det nye aktivitetssenteret i Skjeraberget folkehelsehus er i full gong. Dette senteret vil vere ein flott ressurs for alle innbyggjarane i Bjerkeim som ønskjer å halde seg aktive og sunne. Eg håpar at så mange som mogleg vil nytte seg av dette flotte tilbudet. Lykke til, Gunn Anita, og fleire i oppstarten av dette.

Eg blir nøyd til å skrive litt igjen om det aukande engasjementet rundt vindkraft. Det er klart at dette er eit emne som vekker sterke kjensler i mange, og det er viktig at vi kan ha ein open og konstruktiv diskusjon om dette. Eg vil oppfordre alle innbyggjarar til å vere opne for ulike synspunkt og vere respektfulle mot kvarandre i denne diskusjonen.

Det kjem fleire og fleire ukrainarar til Noreg. Vi må ikkje la situasjonen i Ukraina bli det normale for oss. Det er viktig at vi fortset å fordømme angrepet på Ukraina og støtte opp om flyktingane som kjem til oss så godt vi kan. Denne krigen er like mykje vår. Soldatane i Ukraina kjempar ein kamp for uavhengigheit og demokrati. Det skjer på dørstokken vår. Vi kan alle vere stolte av innsatsen som vert utført av dei ukrainske styrkane.

Vi hadde eit godt resultat økonomisk i kommunen i 2022. Mellom 25 og 30 millionar i overskot er eit fantastisk utgangspunkt til å styrke fondsmidlane våre og ikkje minst nedbetale gjeld raskare. Omsorgssenteret er i rute, og vi håpar på første spadetak for sommaren. Det bør vere mogleg å tenke seg eit Bjerkeim utan eigedomsskatt på hus og hytter frå 2024. Det vil vere mogleg å gjennomføre. Eg håpar partia som kjem til makta til hausten, tar dette med seg i valprogramma sine. Dette vil gjere kvardagen til familiane i kommunen litt enklare.

Lykke til i lamminga. Eg ønskjer alle ein flott vår og håpar at alle held fram med å vere aktive og engasjerte i utviklinga av Bjerkeim.

*Vennleg helsing, Ketil Stettebo*

## POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

Gruppemøter:	Måndag 17.04 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 18.04 kl. 16.00
Fellesråd for eldre og funksjonshemma:	Torsdag 20.04 kl. 13.00 (om det er saker)
Kontrollutvalget:	Måndag 24.04 kl 14.00
Kommunestyre:	Tysdag 25.04 kl. 19.00

## LEGE



Marie Sautter er lege i spesialisering ved Bjerkreim legekontor fram til 1. september 2023.

## LUKKET KOMMUNEHUS

Onsdag 5. april er hoveddøra på kommunehuset lukket og sentralbordet stengt.

Helsestasjonen og NAV Bjerkreim, har også stengt.

## BIBLIOTEKET

Biblioteket har stengt onsdag før påske og alle fridagar i påska.

## KULTURMIDLER 2023

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjoner i Bjerkreim kan søke om kulturmidler fra kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligger på hjemmesida vår: [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no) under skjema, kultur og fritid. NB! Husk å sende med årsmelding og regnskap for 2022.

## COVID-VAKSINE

Oppfriskingsdose COVID-vaksine til alle 75 år og eldre. I foajeen i Bjerkreimshallen blir det tilbud om ny COVID-vaksine til dei som har fylt 75 år.

Tid: onsdag 29. mars og fredag 31. mars kl 09-12.

Du kan ikkje ta vaksine viss du har akutt sjukdom med feber. Vaksinen er gratis. Ta med legitimasjon.

## SOMMARHJELP TIL KLØGETVEDTTUNET

Vi søker kjøkkenhjelpere til Kløgetvedttunet fem søndager i sommersesongen 2023

Arbeidstid: Søndager fra kl. 11.00 - 16.30. Sommersesong er: juni og august.

Arbeidet passer for ungdom, og det kan bli aktuelt å dele søndagene på flere søkere.

Vet du alt nå at det er søndager i juni og august som du ikke kan arbeide, er det fint om du opplyser om dette i søknaden.

Søknadsfrist: 24.04.2023

### Arbeidsoppgaver

Arbeidet består av å lage og selge lapper, kaffe/te og brus/is. I tillegg kommer rengjøring/rydding. Opplæring blir gitt.

### Kvalifikasjoner

- Arbeidet passer for ungdom fra 13 år og oppover
- Praksis fra lignende arbeid er en fordel
- Vi søker personer som er samarbeidsvillige og fleksible

### Vi tilbyr

- Lønn etter lokale takster for arbeid/oppdrag av kortere varighet.

### Kontaktperson

Annette Nedrebø Olden, rådgiver kultur, tlf: 51 20 11 14, mobil: 988 80 147

Se heimesida til kommunen, ledige stillinger, for å søke.

## FRIVILLIG OPPDRAG - TURVENNER

Vi søker etter noen turglade frivillige som kan være med på turer i Bjerkreim sammen med flyktingene, integreringsavdelingen og Stavanger Turistforening

- Det krever ingen spesiell erfaring eller opplæring
- Du må like å være ute og gå på tur
- Du velger selv hvilke turer du vil være med på
- Hvis du kan kjøre egen bil så er det en fordel

Høres dette ut som noe for deg? Ta kontakt med frivillighetskoordinator:

Line Pettersen, e-post: [line.pettersen@bjerkreim.kommune.no](mailto:line.pettersen@bjerkreim.kommune.no)  
Tlf. nr. 958 63 277

Har du spørsmål til turene? Ta kontakt med Stavanger Turistforening:

Kjell Asbjørn Olsen,  
e-post: [kjell-olsen@vabb.no](mailto:kjell-olsen@vabb.no)  
Tlf. 904 11 521



# VALG

## KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2023

### Innkommne listeforslag til ettersyn.

Fristen for levering av listeforslag til kommunen er 31. mars kl. 12.00.

Innkommne listeforslag er lagt ut på nettsida etter kvart som dei har kome inn. Sjå på [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no), under Politikk og valg, Val, Listeforslag. Listene heng også som oppslag på kommunehuset.

Bjerkreim valstyre vil behandla listeforslaga i møtet den 16. mai 2023.

## VAL 2023

### Kan du stilla som kandidat til stemmestyra på valdagen?

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Bjerkreim blir måndag 11. september 2023.

Bjerkreim har to valkrinsar. Bjerkreim krins brukar Bjerkreim bedehus som vallokale. Vikeså krins brukar kommunehuset som vallokale. Eit stemmestyre i kvar krins har ansvaret for gjennomføringa av valet på valdagen, frå krinsen opnar til den stengjer på kvelden.

Valstyret skal velja tre-fire medlemmer og tre varamedlemmer til dei to stemmestyra, så det trengst litt folk til dette.

Vi ber innbyggjarar i kommunen (over 18 år) som kan tenkja seg dette, melda seg på tlf. 51 20 11 00 eller epost; [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no), innan 1. mai 2023.

Dei som blir valde og stiller på valdagen får informasjon/opplæring, godtgjering og ev. tapt arbeidsforteneste. Merk at kandidatane på vallistene ikkje kan vera i stemmestyra.

## Nasjonalforeningen for folkehelsen



### BINGO

Bjerkreim helselag har bingo i peisestova på Misjonshuset  
12. mars kl. 14.00 - ca 16.00

### DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjörg Vassbø. Tlf. 486 03 535

### BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 19. april kl. 19.30 på Vikeså Veiservice.

Quizmaster: Harald Andre Veen.

Startkontingent kr. 30,-

### ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 5. april: Gåtur Solbjør - Gjedrem.

Oppmøte kl. 10.00 ved Gjedrem camping. Ta med drikke og sitjeunderlag, niste ordnar vi. Vel møtt!  
Arr. Fellestrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

### BJERKREIM PENSJONISTLAG

Møte torsdag 27. april kl. 14.00 til 17.00 i Litlesalen på samfunnshuset.

Gamle og nye medlemmer er velkomne.

Program:

- Kven vert ordføraren i Bjerkreim frå hausten? Denne gong kjem Tone Vaule frå Arbeiderpartiet!
- God mat, inngangspengar kr. 50
- Underhaldning, loddsal, bilet-rebus og meir.

Takk til SR-bank for sponning av husleiga.



### BERSELØPET

Søndag 30. april kl 14.00!

Bjerkreim Friidrett inviterer til en fin gå- eller springetur i den 5,5 km lange løypa rundt Berse.

Påmelding i forkant til [rune-osl@online.no](mailto:rune-osl@online.no), innen 28. april. (kontonr 3344 07 05907/vipps #141157)

eller på løpsdagen fra kl. 12:00 ved Bjerkreim bedehus (senest kl. 13:00).

Start og mål: Bjerkreim bru.

Premiering:

Alle i trimklassen under 14 år får medalje. Barn under 11 år som ønsker å delta, kan springe sammen med en voksen.

Premierer 1.-3. plass for kvinner og menn i aktiv klasse med pengepremie.

1.plass kr 1000,-/2. plass kr 500,-/3. plass kr 250,-

### AKTIV KLASSE

**(FØDT 2009 ELLER TIDLIGERE)**

Kr 200,- inkl. engangslisens

Kr 170,- inkl. helårslisens

### TRIMKLASSE

**(FØDT 2014 ELLER TIDLIGERE)**

Kr 100,- inkl. engangslisens

Kr 80,- inkl. helårslisens

For aktiv klasse tilkommer et gebyr på kr 100,- ved påmelding samme dag.



### BARNAS BERSE

Nytt av året er Barnas Berse.

Ta med foreldre, søsken, besteforeldre, tanter og onkler, og gå tur rundt vannet og hei fram løperne. Det blir en overraskelse midt ut i løypa og alle får medalje ved fullført tur.

Kr. 50,- pr. familie.

Friidrettsgruppen i Bjerkreim IL

### VAKTMESTERSTILLING

Det søkes etter vaktmester til Bjerkreimshallen.

Tiltredelse fra 01. juni, med overlapp til 01. juli.

Konkurransedyktige lønnsbetingelser.

Søknadsfrist 20. april.

Søknad sendes på e-post til: [oyvind@espelandas.no](mailto:oyvind@espelandas.no)

Opplysninger om stillingen kan fås av Øyvind Espeland (styreleder) på telefon: 901 14 735 eller e-post: [oyvind@espelandas.no](mailto:oyvind@espelandas.no)

Stiftelsen Bjerkreimshallen

### JILLE FREDAG

Ungdomsklubb fra 7. klasse og oppover.

- Fredag 14. april

- Fredag 28. april

- Fredag 5. mai

Velkommen i Skjeraberget folkehelsehus, fra kl. 19.00 - 22.30

## **BJERKREIM BYGDEKVINNELAG:**

### **Mandag 17. april. Helse i hvert steg!**

Turen denne gangen går til Djupedal, Tengesdal.

Turleder er Magni. Oppmøte på Esso kl. 18.00

Vel møtt

### **Tirsdag 11. april kl. 19.00**

Sosial kveld med eller uten håndarbeid.

I Skjeraberget folkehelsehus.

Enkel servering.

Alle er velkomne.

### **Onsdag 19. april kl. 17.30.**

Friluftskveld med Dalane Friluftsråd.

Sted: Foreneset Gapahuk.

Bålkos med varm drikke og Banansjokolade.

Åpent for alle.

Varmt velkommen!

### **Lørdag 22. april**

Bjerkreim bygdekvinnelag arrangerer:

Den store klesbyttedagen 2023

Kl. 10.00 - 15.00

Sted: Kulturbanken

### **Innsamling av tøy den 11. april kl. 19.00** på sosialkveld Skjeraberget folkehelsehus.

For hvert plagg du leverer inn kan du bytte til deg ett nytt.

Vi tar imot dameklær, barneklær, herreklær, samt leker til barn.

### **Onsdag 26. april**

Medlemstur til Ystepikene på Varhaug

Det blir servering og mulighet for kjøpe gode oster.

Pris kr 50.- + deling av kjøreutgifter.

Påmelding til Liv Karin 917 29 184.

Frist 23. april.

Oppmøte Esso kl. 17.30 for samkjøring

## **INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE**

Torsdag 13. april kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffi, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

- Minner om at det er påmelding (til Kari Tove, tlf. 988 25 543, innen 16. april) til festen og 10-årsjubileet for Kvinnegruppa torsdag 4. mai.

## **ÆTTESOGELAGET**

Torsdag 30. mars kl 19.00, på Kommunehuset på Vikeså.

Tora Liv Thorsen fortel om vandraren og handelsmannen frå Lysefjorden, Ole Olsen Songesand, mest kjend som Pilt-Ola.

Litt om Bjerkreims eldste bygning, kornløa i Austrumdal, som er omlag 500 år gammal.

Mat og kaffi, inngang kr 50. Alle velkomne!



## **BJERKREIMS GOT TALENT 2023**

Bjerkreim Brassband inviterer til nytt show i Bjerkreimshallen.

21., 22. og 23. april kl. 19.30

Denne gongen blir det forhåndssalg av plassbilletter. Billettane vil bli tilgjengelige fra 3. april.

Link: <https://bit.ly/3nay8xy>, eller bruk QR-koden for å finne fram til nettsida.

Det vil også bli salg av billetter i døren for forestilling.

Håper du vil ta med deg familie og venner og komme på showet vårt rett over påske!





## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE:

### **Palmesundag 02. april kl. 11.00**

Familiegudsteneste med dåp i Ivesdal kyrkje.

### **Skjærtorsdag 06. april kl. 11.00.**

Høgmesse med nattverd i Bjerkreim kyrkje

### **Langfredag 07. april kl. 11.00.**

Pasjonsgudsteneste i Ivesdal kyrkje

### **Påskedag 09. april kl. 11.00.**

Høgtidsgudsteneste med nattverd i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 16. april** Ikkje gudsteneste i soknet

**Sundag 23. april kl. 11.00.** Lek gudsteneste på Vikeså Misjonshus

**Sundag 30. april kl. 11.00.** Familie- og misjonsgudsteneste med aktiviteter i og rundt Bjerkreim kyrkje

## DØYPTE

12.03.23 Live Stokkeland Oftedal

12.03.23 Fie Lovie Fuglestad Skutlaberg

## VIGDE

25.02.23 Lene Fosstveit Haugland og Svend Fuglestad Serigstad

## DØDE

22.02.23 Trygve Braadli

25.02.23 Bjørn Olav Puntervoll

03.03.23 Kåre Waldemar Merkesdal

## TRAFIKALT GRUNNKURS 2023

Velkommen til nytt trafikalt grunnkurs i Bjerkreim, arrangert i samarbeid mellom Bjerkreim kyrkje og Høiens trafikkskole. Kurset består av fem samlinger og alle som fyller 15 år før første samling kan delta. De fire første samlingene blir på Vikeså misjonshus. Den siste samlingen er mørkekjøring, tid og sted for denne blir avtalt med Høien.

Mandag 8. mai, kl. 14.00-16.30:

Velkomstsamling med pizza og undervisning m/Ingelin og trafikkskolen.

Tirsdag 9. mai, onsdag 10. mai og

mandag 15. mai kl. 14.30-16.30: Høien.

Mørkekjøringsdato og pris kommer.

Påmelding til [ingelin.ognedal@bjerkreim.kommune.no](mailto:ingelin.ognedal@bjerkreim.kommune.no) innen 1. mai. Legg ved:

- Navn på deltaker, fødselsdato og telefonnummer, evt allergier
  - Kontaktinformasjon foresatte inkl. e-postadresse, postadresse, mobilnummer
- Du er så velkommen!

## FJERNING AV VINTERDEKKE

Søppelstativa på Bjerkreim kyrkjegard vert tømt ofte. Vinterdekke frå graver kan difor leggjast oppi - evt ved sidan av. På Ivesdal står det avfallsskasse til venstre innanfor den nye porten.

## LÅST TOALETT

På grunn av stadige hærverk, griseri og rot inne på toalettet ved Bjerkreim kyrkje/gravplass vil dette bli låst av når det ikkje er arrangement i kyrkja. Hjartestartaren som hang inne i toalettet er flytta til eit skap på utsida av bårhuset. Vi satsar på å kunne ha toalettet ope på jamnen igjen etter ei stund. Seier oss lei for dei ulempene dette medfører.

## PALMESUNDAG

Eg har vore så heldig å få bu nokre år på ein stad kor palmetrær er like vanleg som grantre er her heime. Fyrste påska me feira der, var det artig å kutte ned ekte palmegreiner frå parken i nabolaget. Dette var ikkje små kvistar, men greiner som måla 3-4 meter, og prosesjon på palmesundag blei uforglemmeleg og eksotisk for ein nordmann. Eg trudde lenge at dei som hylla Jesus den gongen han kom ridande på eit esel, brukte palmegreiner fordi det var det som var enklast å få tak i der og då. Dei hadde vel neppe flagg eller vimpel på innerlomma. Palmar hadde dei nok av.

Men så har eg skjont at det ligg meir i det enn bare det praktiske. I den gamle antikken var palmegreina eit symbol på udødelighet, og for romerane var det eit seierssymbol. Da Jesus kom ridande på eit esel blei han hylla som ein konge. Men ferda på eselfolen minna ikkje voldsomt om ein seiersrunde, vil eg påstå. Det var uendelig mykje med Jesus som var annleis. Han snudde opp-ned på så mangt. Han tala strengt til dei stolte, og løfta opp dei som vart trykka ned.

Men på sin siste ferd mot korset og sin egen død, blir han meir og meir taus. Jesus blei anklaga for å spotte Gud. I rettsaka mot han fekk han spørsmål frå dei religiøse leiarane om han ikkje hadde noko å seie mot anklagene mot han. Så står det i Matteus 26,63: «Men Jesus tagde». Heilt fram til Jesu siste andedrag på korset kjem han ikkje med ytringar mot nokon av sine motstandarar eller bødlar.

Eit mål for oss alle burde vel vere å heve stemma når me er vitne til urett. Men denne påska i Jerusalem for 2000 år sidan gjekk Guds eigen son i døden som ein taus tenar, utan å kreve rettferd. Før han døyde sa Jesus til læresveinane: «Og dette er bodet mitt: De skal elska kvarandre som eg har elska dykk. Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine.» (Joh 15,12-13) Når ein veit enden på historia, nemleg at Jesus vann over døden og stod opp att, gir palmegreinene meining. Dei minner oss om Jesu seier, som og blir vår seier. Eg ynskjer deg ei riktig god påske!

Soknepresten

## VIKESÅ MISJONSHUS

- 05. kl. 20.00 Bønnesamvær
- 07. kl. 19.30 Langfredagsmøte
- 11. kl. 19.00 Kode B
- 12. kl. 14.00 Bingo Helselaget
- 12. kl. 19.30 Samtalemøte
- 13. kl. 17.00 Soul kids/children
- 14. kl. 20.00 Fredagsklubben
- 15. kl. 20.01 After Eight Praise
- 17. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
- 18. kl. 19.00 Kode B
- 18. kl. 19.30 Logos
- 19. kl. 17.30 Global kafe
- 20. kl. 17.00 Soul kids/children
- 22. kl. 09.00 DUGNAD på huset
- 23. kl. 11.00 Gudsteneste og søndagsskule
- 27. kl. 17.00 Soul kids/children
- 30. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule

## AFTER EIGHT PRAISE

Tid: 15. april kl. 20.01

Sted: Vikeså Misjonshus

Lovsangere fra Bjerkreim Bedehus og Vikeså Misjonshus ønsker deg velkommen til ny felles lovsangskveld på Misjonshuset! Vi samles for å lovsynge, tilbe og prise Jesus sammen! Vårt ønske er å legge til rette for en kveld med tid og rom for å løfte blikket og fokusere på Ham!

Vi forsøker alltid å ha en blanding av både nye og gamle, norske og engelske sanger og salmer, men viktigst er likevel hvem vi synger om og til.

Håper å se deg!

## LANGFREDAGSMØTE

På Vikeså Misjonshus 7. april kl. 19.30. SångZ presenterer tankar frå påskebudskapet gjennom

- Song
- Tekstar
- Bilete

Velkommen!

## BJERKREIM BEDEHUS <https://www.bjerkreimbedehus.no/>

- 02. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
- kl. 11.20 Søndagsskule
- 04. kl. 19.30 Bønnemøte
- 06. kl. 19.30 Skjærtorsdagsmøte, Imf
- 10. kl. 19.30 Møte NLM
- 11. kl. 09.30 Minsten (tysdag)
- kl. 19.30 Bønnemøte
- 12. kl. 17.30 Global kvelds
- kl. 19.30 Bildøy-møte, Imf (bibelskulebesøk)
- 15. kl. 19.30 BKU i kjellaren
- 16. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
- kl. 11.20 Søndagsskule
- 17. kl. 19.00 Yngres
- 18. kl. 19.30 Logos bibelundervisning
- 19. kl. 09.30 Minsten (onsdag)
- kl. 19.00 50-års jubileum for NLM-kvinneforeningen
- 21. kl. 19.30 Møte Samemisjonen
- 24. kl. 18.30 Jentelaget
- 25. kl. 09.30 Minsten (tysdag)
- kl. 19.30 Bønnemøte
- 26. kl. 17.30 Global kvelds

## SKJÆRTORSDAGSMØTE

6. april kl. 19.30, på Bjerkreim bedehus

Tale av Ole Laurits Tønnessen

Song av Sylwia Søyland, akkompagnert av Ane Reime Mong

Kollekt til Imf. Kaffi etter møtet.

Velkommen!

## BILDØY-BESØK

På Bjerkreim bedehus onsdag 12. april kl. 19.30 får me besøk av ei gruppe studentar frå Bildøy bibelskule.

Dei vil halda møte med andakt, song m.m. og fortelja om skulen.

Alle, og spesielt ungdommar er velkomne!

## 50-ÅRSJUBILEUM NLM KVINNEFORENING

Onsdag 19. april kl. 19.00 på Bjerkreim bedehus.

Tale og song av Odd Dubland. Helsingar. Mat og kaffi.

ALLE er velkomne!

## INFORMASJON



**MYKSVØLL**  
MIKROBRENNERI

kaffe bestiller du her:  
**HÅNDBRENT.NO**  
leveres på din dør i Bjerkreim



GO Consult  
Olav Engelsgjerd  
Tlf. 906 99 409  
[post@goconsult.net](mailto:post@goconsult.net)




**fjoscam.no**

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

## Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita  
Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså  
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk  
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775/ 4000 3150  
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955  
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim  
legekantor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekantor.no](http://www.bjerkreimlegekantor.no)

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!

 coop  
Vikeså

 coop  
byggmix

 EXTRA

 coop  
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



 Eigersund  
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222  
Kontortid: 08.00 - 09.30

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt  
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor  
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

**Fardal Bil AS**  
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00  
[www.fardalbil.no](http://www.fardalbil.no)